

HANDLINGSPLAN



ELEVANE SITT SKULEMILJØ

VED

ÅHEIM SKULE



Kapittel 12. Skolemiljøet til elevane

§ 12-1. Verkeområde for kapittelet

Dette kapittelet gjeld for skolen, leksehjelpordninga og skolefritidsordninga.

§ 12-2. Retten til eit trygt og godt skolemiljø

Alle elevar har rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, inkludering, trivsel og læring.

§ 12-3. Nulltoleranse og førebyggjande arbeid

Skolen skal ikkje godta krenkjande oppførsel, som til dømes mobbing, vald, diskriminering og trakassering.

Skolen skal arbeide kontinuerleg for at alle elevane skal ha eit trygt og godt skolemiljø.

§ 12-4. Plikt til å sikre eit trygt og godt psykososialt skolemiljø (aktivitetsplikt og dokumentasjonsplikt)

Alle som arbeider på skolen, skal følgje med på korleis elevane har det, og om mogleg gripe inn dersom nokon krenkjer ein elev.

Alle som arbeider på skolen, skal melde frå til rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø. Det gjeld også når ein elev seier sjølv at ho eller han ikkje har det trygt og godt. Skolen skal snarast undersøkje saka og rette opp situasjonen med eigna tiltak. Rektor skal melde frå til kommunen eller fylkeskommunen i alvorlege tilfelle.

Skolen skal lage ein skriftleg plan for tiltaka i ei sak. I planen skal det stå

- a. kva problem tiltaka skal løyse
- b. kva tiltak skolen har planlagt
- c. når tiltaka skal gjennomførast
- d. kven som skal gjennomføre tiltaka
- e. når tiltaka skal evaluerast

Skolen skal dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta etter første til andre ledd, i den forma og det omfanget som er nødvendig.



§ 12-5. Skjerpa plikt til å melde frå dersom ein som arbeider på skolen, krenkjer ein elev

Dersom ein som arbeider på skolen, får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider på skolen, krenkjer ein elev, skal vedkommande straks melde frå til rektor. Rektor skal melde frå til kommunen eller fylkeskommunen, med mindre meldinga er openbert grunnlaus.

Dersom ein som arbeider på skolen, får mistanke om eller kjennskap til at ein i leiinga ved skolen krenkjer ein elev, skal vedkommande melde frå til kommunen eller fylkeskommunen direkte.

§ 12-6. Statsforvaltaren si handheving av plikta til å sikre eit trygt og godt psykososialt skolemiljø i enkeltsaker

Dersom ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, kan eleven eller foreldra melde saka til statsforvaltaren etter at saka er tatt opp med rektor.

Statsforvaltaren skal avgjere om plikta til å rette opp situasjonen med eigna tiltak etter § 12-4 andre ledd og plikta til å lage ein skriftleg plan etter § 12-4 tredje ledd er oppfylt. Dersom saka ikkje er tatt opp med rektor, det er under ei veke sidan ho vart tatt opp eller eleven ikkje lenger går på den aktuelle skolen, skal statsforvaltaren avvise saka, om det ikkje er særlege grunnar til å behandle ho.

Kommunen og fylkeskommunen skal utan hinder av lovfesta teieplikt leggje fram alle opplysningar som statsforvaltaren meiner må til for å greie ut saka.

Kjem statsforvaltaren til at skolen ikkje har oppfylt plikta til setje inn eigna tiltak etter § 12-4 andre ledd eller plikta til å lage ein skriftleg plan etter § 12-4 tredje ledd, kan statsforvaltaren påleggje kommunen eller fylkeskommunen å rette forholdet. Dersom saka elles vil bli unødig forseinka, eller dersom det er grunn til å tru at kommunen eller fylkeskommunen ikkje kjem til å rette forholdet, kan statsforvaltaren vedta kva skolen skal gjøre for at eleven skal få eit trygt og godt skolemiljø.

Statsforvaltaren kan vedta reaksjonar etter skolereglane, jf. § 10-7, eller vedta at ein elev skal bytte skole, jf. § 13-2.

Avgjerda til statsforvaltaren er eit enkeltvedtak. Statsforvaltaren skal setje ein frist for gjennomføringa av vedtaket og følgje opp saka.

Heile lovverket er å finne på lovdata.no, der ein vidare går inn på det fysiske miljøet, tvangsmulkt, straffeansvar og bevisbyrde. Kapittel 13 i lova fyl opp med ordenstiltak og skadeførebygging.





Førebygging

- Årleg spørjeundersøking blant elevane i 5. – 10. klassene
- Spekter – ei ikkje anonym spørjeundersøking om mobbing. Vert gjennomført haust og vår. Gjeld elevane frå 3.-4.kl.
- Sosiometrisk kartlegging
- Tiltak på skuleområdet
 - Høg lærartettleik i friminutta, bruk av «vaktvestar», tydelege reglar, aldersbestemte elevsoner, leikepatrulje, sjå til at elevane er i positiv leik, vere særleg observante på elevar som går mykje åleine, ta på alvor når elevane bed om hjelp, gripe inn ved brot på skulen sine ansvarsreglar, melde frå til kontaktlærar/administrasjon ved mistanke om mobbing, ha blikk for kvar enkelt elev, vere ein tydeleg og trygg vaksenperson
- Tiltak i gym/garderobe
 - Vaksne er til stades i garderobane
- Skulereglane oppslått på alle klasserom:
 - Vi skal ikkje mobbe andre
 - Vi skal prøve å hjelpe andre som vert mobba
 - Vi skal også vere saman med elevar som lett vert åleine.
 - Dersom vi veit at nokon vert mobba skal eg fortelje det til ein vaksen på skulen og til dei heime
- Arbeid for eit godt klassemiljø og eit godt skolemiljø skal alltid vere ein naturleg del av skulekvardagen.
- Foreldra vert på ulike måtar med i arbeidet med å skape gode klassemiljø og skolemiljø
- På minst eitt av klassemøta er mobbing tema.
- Bekymringsmeldingar og varsling
 - Vi melder frå til kontaktlærar og/eller administrasjon dersom vi har mistanke om at ein elev vert mobba eller utsett for krenkjande åtferd. Kontaktlærar varslar vidare til rektor som saman med kontaktlærar utformar evt. aktivitetsplan.
- Informasjon til foreldra
 - Foreldra vert informerte om tiltak vi har for å skape eit godt skolemiljø
 - Foreldra vert informerte om kva tiltak vi set i verk dersom ein elev vert utsett på mobbing, vald, diskriminering og trakassering



Årshjul i høve arbeid for eit trygt og godt skolemiljø ved Åheim skule

Kva	Når	Korleis	Ansvar
Gjennomgå skulen sin handlingsplan om elevane sitt skolemiljø	Ved skulestart	Informasjon på personalmøte	Administrasjonen
Gjennomgang av kommunen si <u>forskrift om skuleregler</u>	Tidleg haust	Ligg tilgjengeleg for alle på Vanylven kommune si side	Administrasjonen
Gjennomgå skuleregler og lag klasseregler	Ved skulestart	Informasjon i klassa	Kontaktlærar
Foreldremøte der klasse- og skolemiljø er oppe som tema	Møtet om hausten	Vert lagt inn i førebuingane	Kontaktlærar og klassekontaktar
Undersøking blant elevane i 5-10.kl om mobbing	Haust og vår	Spørjeundersøking (Elevundersøkinga og Spekter)	Administrasjonen, Lærarar
Klassekontaktane får informasjon om klasse- og skolemiljøarbeid	Klassekontaktmøte om hausten - FAU	Informasjon	Administrasjon
Kva gjer vi i vår klasse?	Klassekontaktmøte Foreldremøte	Drøfting mellom klassestyrar og klassekontakt	Kontaktlærar og klassekontakt
Mobbing, vald, diskriminering og trakkassering som tema	Fleire gongar i året	I både naturlege og planlagde samanhengar	Kontaktlærar
Elevsamtalar	To gongar i året	Eleven sin trivsel er eit av punkta i samtalen	Kontaktlærar
Utviklingssamtalar	To gongar i året	Førebuingsskjema der trivsel er eit av punkta for samtalen	Kontaktlærar
Klassemøte	Minst 4 g pr år	Trivsel/mobbing som tema	Kontaktlærar



Kjenneteikn

Vi er merksame på at slike elevar ofte kan vere mobbeoffer:

- Barn som er litt engstelege
- Barn som fryktar sosiale situasjonar der dei føler seg pressa
- Barn som ofte lett tek til tårene
- Barn som har eit svakt sjølvbilete
- Barn som er einsame på skulen
- Barn som er redde for å bli skada eller slå seg
- Barn som ofte har lettare for å omgå vaksne enn jamaldrande

Vi er merksame på at slike elevar ofte kan vere mobbarar:

- Barn som har ei meir positiv haldning til vald enn folk flest.
- Barn som har ei sterk trøng til å dominere og hevde seg med makt og truslar for å få viljen sin.
- Barn som har vanskar med å innordne seg reglar
- Barn som verkar tøffe og syner lita evne til empati
- Barn som ofte er aggressive også mot vaksne
- Barn som er flinke til å snakke seg ut av vanskelege situasjonar.

Forventningar

Vi skal som lærarar arbeide for å utvikle klassene til velfungerande sosiale system ved m.a. ved å:

- Ha klare retningsliner for arbeidet i timane
- Vere godt førebudde til timane
- Starte presis og på ein samlande måte
- Avslutte timen på ein ryddig og roleg måte
- Ha klare klasseregler som elevane kjenner og sluttar seg til
- Gjennomføre regelmessige klassemøte
- Legge til rette for sosiale trivselstiltak i klassen
- I elevsamtalar/konferansar ta opp eleven sin trivsel på skulen
- Ha ein heilt klar null-toleranse for mobbing/plaging

Vi forventar at foreldra er ein samarbeidande part i arbeidet mot mobbing og for eit godt klassemiljø m.a. ved å :

- Melde frå til skulen ved mistanke om mobbing
- Vere lojale overfor skulen sine vedtak
- Ta del i/gjennomføre tiltak som kan vere sosialt samlande for klassen
- Møte til konferansetimar og på foreldremøte
- Saman med eleven førebu seg til konferansetimar
- Ta opp med skulen problem som eleven måtte ha



Aktivitetsplikta

1. Plikt til å følgje med
2. Plikt til å gripe inn
3. Plikt til å varsle
4. Plikt til å undersøke
5. Plikt til å sette inn tiltak
6. Plikt til å dokumentere



Alle som arbeider på skulen vert omfatta av aktivitetsplikta.

Plikt til å følgje med

- Sjå til at elevane er i positiv leik
- Ha på «vaktbriller» ved mistanke om utestenging, mobbing
- Vere særleg observante på elevar som går mykje åleine
- Sjå den enkelte elev kvar dag
- Vere obs på samspelet mellom elevane ved mistanke om utestenging, mobbing

Plikt til å gripe inn

- Ta på alvor når elevane bed om hjelp,
- Gripe inn ved brot på skulen sine ansvarsreglar,

Plikt til å varsle

- Melde frå til kontaktlærar/ administrasjon ved mistanke om utestenging, mobbing
- Kontaktlærar/administrasjon melder frå til føresette

Plikt til å undersøke

- Observere
- Samtale med impliserte partar for å få mest mogleg informasjon
- Gjennomføre ulike kartlegging
- Loggskriving



Plikt til å sette inn tiltak

- Samtale med impliserte partar(elever, foreldre, lærarar)
- Opprette aktivitetsplan
- Lage forpliktande dokumenterte avtalar
- Auka observasjon i friminutta og timane
- «Vaktbriller» i friminutta
- Styrke med ekstra vakt
- Fast loggskriving lagt inn i vekeplanen
- Klassemøter ved behov
- Gjenta samtalar med impliserte partar etter avtalt tid.
- Halde fram med tiltak om ikkje betring, evt avslutte sak

Dokumentasjonskrav

Skulen har plikt til å dokumentere arbeidet ein gjer for å oppfylle dei ulike delane av aktivitetsplikta. Skulen må dokumentere korleis:

- Vi følger med på om elevane har eit trygt og godt skolemiljø
- Vi grip inn mot krenkelsar
- Vi melder frå til rektor
- Rektor melder frå til kommunen eller fylkeskommunen om alvorlege tilfelle
- Vi undersøker saker som dukkar opp
- Vi retter opp situasjonar med eigna tiltak
- Vi høyrer involverte elevar
- Vi tek omsyn til eleven sitt beste
- Når skulen set inn tiltak for ein elev, skal skulen lage en skriftleg plan for tiltaka.

Skjerpa aktivitetsplikt når tilsette krenker elevar

Varsling:

- Dersom ein som arbeider ved skulen får mistanke eller kjennskap til at ein annan som arbeider ved skulen utset ein elev for krenkingar, skal vedkomande varsle rektor. Rektor varslar skuleeigar
- Dersom det er ein i skuleleiinga som krenker, skal skuleeigar varslast direkte av den som fattar mistanke



Dokumentasjonsplikta

Dokumentasjon 1: Aktivitetsplan

Denne erstattar einskiltvedtak og skal vere ein skriftleg dokumentasjon på korleis skulen vil ta tak i ei sak. [Aktivitetsplanen](#) skal innehalde:

- Kva problem tiltaka skal løyse
- Kva tiltak skulen har planlagt
- Når tiltaka skal gjennomførast
- Kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka
- Kva tid tiltaka skal evaluerast

Aktivitetsplanen vert sendt til heimen.

Dokumentasjon 2: Dokumentere det som vert gjort

Skulen skal dokumentere arbeid som er gjort for å oppfylle aktivitetsplikta i enkeltsaker

- Gjeld arbeid som vert gjort i høve til å sikre at krava **å følgje med, gripe inn, varsle, undersøke og sette inn tiltak** vert oppfylt
- Dokumentasjonen skal vere skriftleg

Dokumentasjonen skal arkiverast i elevmappa.



Oppdatert 17.08.2025

v/rektor Lena Landsverk

Til godkjenning i personalet 20.08.2025